

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 14.01.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** **Kjell-Einar Bjørklund, Hans K Stenby, Terje Arne Krokvik**  
**SAKA GJELD:** **Igangsetting av forprosjekt « Bygg Aust» Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2015/1399/  
**STYRESAK:** **013/15**

**STYREMØTE:** **02.04. 2015**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til at det vert sett i gang eit forprosjekt for «Bygg aust» basert på alternativ 1.
2. Det blir lagt til grunn ei investeringsramme på 139 mill. kr.
3. Helse Førde må i forprosjektet vise korleis ein skal dekke inn kostnadsauken som følgjer av prosjektet og leigeavtalen med kommunane må vere godkjend.

## Oppsummering

Helse Førde har planlagt eit avlastingsbygg for framtidige utvidingar ved Førde sentralsjukehus. Tiltaket er ein del av utviklingsplanen/arealplanen til Helse Førde. I tillegg har kommunane i indre Sunnfjord og Ytre Sogn gått inn for å legge eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak ved Førde sentralsjukehus. Både behovet for avlastning og det lokalmedisinske senteret er søkt lagt i same byggeløysing.

Konseptfasen er gjennomført med utgangspunkt i idèfaserapporten og med føringar frå gjeldande vedtak og overordna planar for utvikling av verksemda. Avlastningsbygget er i samband med arealplanen for sjukehuset vurdert som naudsynt for å kunne gjennomføre planlagde omstillingar og ombyggingar.

Samhandling med kommunane er i tråd med føresetnadene i samhandlingsreforma og helseføretaket sin strategi.

Det er utarbeidd fire alternativ i konseptfasen. Det minste og billegaste til 139 mill. kr. kan gjennomførast utan låneopptak, og vert tilrådd. Dette prosjektet har størst sannsynlegheit for god framdrift.

## Fakta

Helse Førde har planlagt eit avlastningsbygg «Bygg aust» for framtidige utvidingar ved Førde sentralsjukehus. Bygget er eit tiltak i utviklingsplanen/arealplanen for Helse Førde og slik sett eit ledd i ein samla plan for utbygging og renovering av Førde sentralsjukehus.

Bygget skal også etter avtale med kommunane i Indre Sunnfjord og Ytre Sogn innehalde eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for pasientar som treng øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak.

Prosjektet er no utgreia på konseptnivå i tråd med rettleiar for tidleg faseplanlegging av sjukehus. Det ligg føre ein konseptrapport med val av utbyggingsalternativ som blei behandla i styret i Helse Førde 21.11.14, jf. sak 63/2014. Styret fatta følgjande vedtak:

1. *Styret sluttar seg til at det vert sett i gang eit forprosjekt for utgreiing av «Nybygg aust» og at alternativ 1 vert valt som løysing.*
2. *Det er viktig å sikre rask framdrift både med omsyn til dei kommunale funksjonane og avlastingsarealet.*
3. *Helse Førde HF held fram arbeidet for å skaffe nødvendig finansiering til resten av arealplanen for Førde sentralsjukehus.*

Det er utarbeidd ein framdriftsplan og prosjektet er lagt inn i investeringsplanen for Helse Førde.

Saka er sendt Helse Vest og styret må ta stilling om det tilrådde alternativet skal utviklast til eit forprosjekt.

## Kommentarar

### Behov for utbygging

Det er laga ein utviklingsplan/arealplan for Helse Førde som viser korleis helseføretaket og sjukehusa kan utviklast framover for å møte behovet for tenester med tilstrekkeleg og funksjonelle areal. Særleg Førde sentralsjukehus vil krevje ein omfattande utbygging og fornying. Den samla utbygginga vil ha ein kostnad i størrelse 1 mrd.

For å kunne gjennomføre planen er det naudsynt med avlastningsareal for funksjonar som er i areal som treng fornying og må byggast om. Ved å flytte funksjonar ut kan plass frigjerast til ombygging i sjukehuset.

Helse Førde har vidare hatt ein dialog med kommunane i Ytre Sogn og Indre Sunnfjord om plassering av eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak. Kommunane har eit ønske om å plassere det nye senteret i tilknytning til sjukehuset. Det vil vere tilsvarande modellen som er bygd opp ved Nordfjord sjukehus.

### Val av alternativ

Med bakgrunn i idefaserapporten er det utgreidd fire alternativ i konseptfasen:

- |                 |                             |                                   |
|-----------------|-----------------------------|-----------------------------------|
| ○ Alternativ 1: | Eit bygg, med 3 etasjar     | Investeringsbeløp: 139 mill. kr   |
| ○ Alternativ 2: | 2 bygg, 3 + 3 etasjar       | Investeringsbeløp: 265 mill. kr   |
| ○ Alternativ 3: | 2 bygg, 3 + 2 etasjar       | Investeringsbeløp: 239 mill. kr   |
| ○ Alternativ 4: | 2 korte bygg, 3 + 3 etasjar | Investeringsbeløp: 226,5 mill. kr |

Alternativa blei vurdert etter følgjande vurderingskriterium:

1. Måloppnåing i høve til mandat frå idefase og overordna planar
2. Økonomisk bæreevne og finansielt handlingsrom
3. Samhandling
4. Effektiv drift og driftsøkonomi
5. Bygget sin kvalitet og fleksibilitet

Alternativ 1 blei tilrådd m.a. fordi det kom best ut på dei to første kriteria. Alternativ 1 blei tilrådd som grunnlag for forprosjekt og omfattar:

- Kommunale funksjonar inkludert kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar
- Avlastningsareal for gjennomføring av arealplan
- Universitetsbrakka

Alternativ 1 er eit bygg på 3 etasjar med BTA på 2700 m<sup>2</sup> og eit underliggende ope parkeringsareal på 600 m<sup>2</sup>.

Av det samla arealet utgjer dei kommunale funksjonane omkring 1050m<sup>2</sup>.

Bygget har ei kostnadseffektiv og fleksibel utforming og er tilrettelagd med 1000 m<sup>2</sup> med sjukehusstandard og 1700 m<sup>2</sup> med kontorstandard.

Alternativ 1 er kostnadsrekna til 139 mill. kr.

### Finansiering

Helse Førde meiner at alternativ 1 til 139 mill. kr kan gjennomførast utan låneopptak. I Helse Førde sin styresak 071/2014 Investeringsplan 2015, er det gitt ei nærare utgreiing av den samla investeringsplanen og finansieringsbehovet i den kommande 5 års perioden. I denne planen er det nytt psykiatribygg som vil ha behov

for lånefinansiering. Dei andre prosjekta vil føretaket klare å finansiere innafor den kontantstraumen ein klare å generere frå drifta.

Føretaket gjer rekning med at det aktuelle bygget vil måtte avskrivast på om lag 30 år. Dette inneber at avskrivningane vil auke med kr 4,6 mill. Dei vil og få auka kostnader til drift av nybygget. Samtidig er det lagt opp til utleige av areal til kommunane (50,7 % av arealet). Avtalen med kommunen er ikkje heilt klar og talet er derfor eit førebels anslag. Den samla effekten på drifta vil bli som følgjer:

Auka kostnader til avskrivning	kr 4,633 mill.
Auka kostnader til drift av nybygget	kr 1,485 mill.
Leigeinntekter frå kommunane	- <u>kr 3,103 mill.</u>
Samla effekt på drifta	<u>kr 3,015 mill.</u>

Denne kostnadsauken må Helse Førde dekke innafor den samla budsjetttramma.

Helse Førde har førebels ikkje rekna på effekten av reduserte kostnader til ambulanse og pasientreiser som følgje av at kommunane etablerer seg ved Førde sentralsjukehus, eller andre effektar som utleige av personale til kommunane, auka bruk av lab/radiologi etc. Dette er forhold som føretaket må ta høgde for i forprosjektet.

### **Framdrift**

Forprosjekt blir gjennomført våren 2015.

Bygget er planlagt ferdigstilt 01.07.17.

### **Konklusjon**

Det er behov for fornying og utbygging av Førde sentralsjukehus. For å få dette til på eit kompakt og avgrensa sjukehusområde har Helse Førde behov for eit avlastningsareal. Det skal nyttast til funksjonar som i dag er i areal som må fråflyttast midlertidig i samband med ombygging og fornying.

Helse Førde har i samband med framtidig utvikling av Førde sentralsjukehus også hatt ein dialog med kommunane i Ytre Sogn og Indre Sunnfjord om plassering av eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak. Kommunane har eit ønske om å plassere det nye senteret i tilknytning til sjukehuset. Det vil vere tilsvarande modellen som er bygd opp ved Nordfjord sjukehus.

Det er på denne bakgrunn planlagt eit bygg som både kan fungere som avlastningsbygg og med areal for eit lokalmedisinsk senter med kommunale funksjonar.

Bygget er planlagt plassert tett inntil dagens sjukehusbygg og vil vere eit permanent bygg som også kan nyttast utover den tid det blir nytta som avlastningsbygg. Helse Førde leiger i dag lokalar for mellom anna administrasjon og psykiatri som er ønskelig å leggje nærare sjukehuset. Det er også behov for lokalar som kan erstatte mellombelse lokalar på sjukehusområdet.

Val av utbyggingsalternativ er gjort med bakgrunn i sentrale kriterier. Alternativ 1 står fram som eit godt alternativ sett i forhold til dei mål som er trekt opp, samstundes som det er fordelaktig finansielt og med omsyn til driftsøkonomien.

Det blir tilrådd at alternativet blir vidare utgreidd gjennom eit forprosjekt.

I forprosjektet må investeringskostnader og finansieringa kvalitetssikrast.

Vedlegg

1. Konseptrapport
2. Alternativ 1
3. Alternativ 2
4. Alternativ 3
5. Alternativ 4
6. Framdriftsplan